


Kystsoge vekene 2007

11. august til 16. september

2007



Stiftinga Kystsogevekene


*Den største
kystkulturmonstringa i Noreg*

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Vel møtt til Kystsovekeke 2007!



Programmet for Kystsovekeke 2007 er klart, og på dei følgjande sider vil du finne eit mangfald av arrangement – omlag 160 i talet – noko som vitnar om stort engasjement og innsats frå dei mange frivillige i dei 20 kommunane som Kystsovekeke femner om – frå Gulen i nord til Sveio i sør. Sveio er i år og vertskommune for opningsarrangementet.

Programmet inneheld marknader, konsertar, torgdagar, tradisjonsmat, revyar, gamalt handverk, turar, aktivitetar m.m., og spenner vidt.

Vi kjenner oss trygge på at her er tilbod for ein kvar smak.

Stiftinga Kystsovekeke som er eit samarbeid mellom dei 20 kommunane, Hordaland Fylkeskommune og Hordaland Reiseliv, koordinerer og marknadsfører aktivitetane. På denne måten får du som publikum eit best mogeleg oversyn over den stormønstring av kystkulturen i Hordaland som Kystsovekeke representerer.

Gje deg tid til å studere programmet, og unn deg tid til å delta !

Vi ønskjer alle vel møtt til hyggelege og interessante kystkultur-opplevingar!


STIFTINGA KYSTSOGEVEKEKE

Bjørn Myhren
Styreleiar

OFFISIELL OPNING AV KYSTSOGEVEKEKE 2007

I år opnar vi Kystsovekeke i Sveio
Merk deg datoen 11. august

Det vert tur langs Gullvegen mot Auklandshamn med veteranbussar, og opningshøgtid på Øklandsnes. Her vert det og grande liv utover dagen, med variert underhaldning, sal av heimelaga mat og varer. Dagen rundast av med konsert og tur til Ryvarden kulturfyrr.



Program for opningsdagen:

- 09.30** Veteran-busstur frå Sveio sentrum i retning Mølstrevåg, og som følgjer Gullvegen nordover mot Auklandshamn. Trekkspelmusikk ved **Sveiojungen** følgjer oss heile dagen.
- 10.30 – 11.15** Veteranbussane vil stogge ved "Sjøhuset" i Buavåg, der det vert ei framsyning av eit lite tablå med born frå "gamle dagar" v/Bua barnehage. Kanskje vert det og avduking av skiltet "Gullvegen 585"
- 11.30** Til Øklandsnes
- 12.00** Offisiell opning av Kystsogevekene 2007 kl. 12.00. Leiar av Utanrikskomitéen, **Olav Akselsen**, vil stå for opninga, saman med ordførar i Sveio **Jorunn Skåden**, og styreleiar i Kystsogevekene **Bjørn Myhren**. Fanfare ved **Stig Espen Hundsnes** følgjer. Underhaldning med **Enge & Prøysen**, revygruppa "**Bandalsfolkje**" og hardingfele-gruppa **STRYK**
- 13.15 – 14.30** På Øklandsnes vert det sal av varm mat frå bodar, grilla kvalkjøt, matjesild i lompe, kaffe og kaker
- Frå 14.30** Minibuss til og frå Kysttunet/Øklandsnes/Ryvarden. På kysttunet er det utstilling, motorsamling, motorar i gong, motorverkstad, museum, Lyngholmsbåt, grinda bygg, rigga notabåt, sal av kaffe og kaker, og visning av gamle flyfoto frå kommunen.
- 15.30** **Storm Weather Shanty Choir** held konsert på Øklandsnes i vel ein time
- ca 17.00** Programslutt og skyss attende til Sveio sentrum. Ryvarden er likevel ope til 19.00, og avhengig av veret kan opningstida utvidast. Her vert det sal av kaffe og kaker.

Arr. i kommunane:	Dato August	Dato September
Gulen	4,18,19,25,	8,9
Masfjorden	17,18,19	
Austrheim	10,11	1,6,15,19
Radøy	11,12,17-31	
Fedje	17,18	
Lindås	11,25,26	7,9
Meland Kystsogedagane	25,26	
Osterøy Kultur dagar	28,30	2. – 10.
Askøy		2,
Bergen	24	2
Os	25	1
Øygarden	31	2,16
Fjell	19, 25, 26, 31	1,2
Sund	26	1,2,6
Austevoll	5	1,2
Tysnes	4,5,18	1,16,
Fitjar	26	6,27,
Stord	4	1,2,9
Bømlo	11,12,18,25,31	1,2,23
Sveio	8,11,12,25,26	1,2,4,15,16

Sjå også www.kystsogevekene.no


Særskilte arrangement 2007

Terje Vigen

Dette er ei imponerende einmanns framføring av Ibsens dikt "Terje Vigen" i Kjell Ole Haunes musikaloppsetting. Terje Vigens dramatiske liv vert skildra gjennom eit samspel mellom song, nyinnspelt dokumentarfilm og nykomponert musikk. Oppsettinga er eit samansett multimediashow der sjølve diktet Terje Vigen vert framført live av av West-End-artisten Andrew Bain. Bain song bl.a. Terje Vigen for fleire tusen mennesker under Norway Day Festival i San Francisco i byrjinga av mai i år.

Andrew Bain har tidlegare hatt hovudroller i musikalar som Les Miserables (i UK) og Andrew Lloyd Webber's musikal Whistle Down the Wind.

Sjå meir om forestillinga på www.terjevigen.com



Foto/plakat: Kjell-Ole Haune

Terje Vigen vert sett opp på følgande stader:

- 18. august – Møster amfi på Børnlo
- 24. august – Alvøen i Bergen
- 26. august – Kultursalen på Fitjar

"Det var behændelæ..."



Foto: Arild Stafving

Kyrre Eikås Ottersen har vore tilsett ved Sogn og Fjordane Teater sidan 1995 og har hatt fleire store roller ved teatret. Han har fatta interesse for O.W Fasting sitt forfatterskap. Fasting var fødd i Jølster i 1852 og han debuterte seint. Karakterane i Fasting sine tekstar kjem seg ofte opp i komiske situasjonar dei ikkje heilt er herre over. Da va behændelæ, seier dei då – for å understreke maktloysa dei står ovanfor. Gjennom Fasting sine karikaturaktige møte mellom bygd og by, natur og folk, vil vi gje publikum ei fabulerande, lyrisk og humoristisk reise til ein vestlandsk natur og folkekultur.

Førestillingar:

- | | |
|--------------|-------------------------|
| 2. september | Askøy |
| 6. september | Austrheim |
| 7. september | Osterøy |
| 8. september | Gulen Fiskarbøndemuseum |
| 9. september | Eivindvik Ungdomslag |

Eit samarbeid mellom *Kystsagevekene* og SoFTeater.

31. august - 2. september.

Vestkystfestivalen er ein felles satsing mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden, samt kulturlivet og næringslivet i dei tre kommunane. Festivalen skal bli arrangert kvart år framover, og legg opp til eit variert program for alle aldersgrupper. www.vestkystfestivalen.no



vestkystfestivalen

Nordsjøløypedagen - 2. september



Å vandra til fots i kystlandskapet er ei oppleving for sjel og sinn. Så langt ut mot havet at du kjenner den salte havbrisen og skumdrevet mot panna, eller så høgt opp mot åsar og rindar at du ser ut over eit mektig havpanorama - eller inn i lune fjordar, vikar og sund med furukledde holmar og oyar, eller over den store strandflata, der lyngrabbane og torvmyrane fortel om eit stort kulturlandskap gjennom 5000 år - dette er Nordsjøløypa!

Nordsjøløypa ligg open og tilgjengeleg heile året. Kvart år arrangerast Nordsjøløypedagen, og mange stader kring heile Nordsjøbassenget vert lagt opp til ekstra aktivitet i løypene.

Laurdag 6. oktober vert det minnekonsert for Johannes Kleppevik som ville fylt 60 år 10. oktober i år. Konserten har artistar som:

Göran Fristorp, Jimmy Øvredal
Tor Endresen og Bjørn Jensen
Claudia Scott, Heimalanne
Steinslandsgjengen.

Konsertbillett. Kr 360,- + avgift
Posten/Billett-service: 815 33 133
Grieghallen: 55 21 61 50
Grupper/hotellpakkar: 55 21 61 70
Grupper over ti personar: 305,- + avg. pr. bill.
www.kleppevik.no

VELKOMMEN TIL GRIEGHALLEN
LØRDAG 6. OKTOBER KL 20:00

*«Tar du med
ei helsing...»*

Konsert for Johannes Kleppevik



www.kleppevik.no



Redningsselskapet

Trygg på sjøen

Redningsselskapet har ei auka satsing på forebyggjande arbeid, og kan treffast på fleire arrangement under Kystsogeveke.

De treff oss på stand med informasjon der du og kan melde deg inn som medlem. Ta turen om bord i ein våre nyaste Redningsskøyter og borna kan få køyre ein av våre små Elias-båtar og lære litt om sjovett.

Sjå meir på Redningsselskapet.no

Redningsselskapet og Elias-båtane vert sett opp på følgjande stader:

- 11.08 Austrheim/Fonnes
- 18.08 Gulen/Brandangersund
- 26.08 Meland/Holmeknappen
Sund/Trellevik
Bomlo/Langevåg
Bomlo/Finnäs
Stord/Sagvåg
Bomlo/Finnäs



Foto: Bjørn Larsen

Kystsogevekene 2007

11. august til 16. september

Laurdag 4. august

Gulen/Skjerjehamn

Avdukingen av Olavsstatuen

Stord/Sæbøtunet/Etne - kl.15.00

Forteljestund i Sæbøtunet ved Johanne Ø. Tvedten, i høve Forteljefestivalen i Etne

Tysnes/Nedrevåge

"Heim i Saltebuo" - spontanrevy og dans. Tradisjonen tro samlast ein gjeng unge tysnesingar for å laga spontanrevy i Saltebuo. Etter revyen vert det dans. Arr. Tysnes spellag

Sundag 5. august

Austevoll/Kvalvåg - kl. 11.00 - ca. 16.00

Kystsogedag i Kvalvåg

kl. 11.00 Gudsteneste i kyrkja.

kl. 12.00 Opning av Kystsogedagen i Kvalvåg. Tema for dagen er bronsealderen og levandegjering av livet i denne epoka. Utstilling av Austevoll Kunstlag i "Brennevinsbue". Dei har bla. a. bronsealderen som tema. Omvising i Kvalvåg. Kyrkjegardsvandring. Marknad – brukskunst – sal av Rømmegraut – delikatesser frå havet. Sigurd'n kro har ope.

Tysnes/Solstråleøya

"Solstråleøya sin dag"

Solstråleøya vart gjeve til kongehuset i 1905 etter å ha vore i britisk eige. Etter kong Olavs død vart øya gjeve i gåve til Tysnes kommune. Øya er spesielt frodig med omlag 20 treslag og gamle spaserveggar. Venelaget har pussa opp den gamle forpaktarbustaden som vert leigd ut til overnatting og samankomster.

Arr. Venelaget for Solstråleøya og Tysnes kystlag

Onsdag 8. august

Sveio/Sveio Kyrkje - kl.19.00

Sildajazzen i Sveio kyrkje

Billettpris: kr 150,-

Spirit of New Orleans med Yolanda Windsay

Orkesteret Spirit of New Orleans vert leia av den dyktige trombonisten Katja Toivola. Med seg i orkesteret har ho bassisten Mitchell Player frå New Orleans i tillegg tre av sine faste musikarar frå Finland. Til Haugesund og Sildajazzen har ho denne gangen invitert med seg vokalisten Yolanda Windsay. Ho er omtala som ein av New Orleans leiande vokalistar.

Fredag 10. august

Austrheim

Dagstur frå Austrheim til Flåm for pensjonistar

Besøk i Undredal Kyrkje, middag i Flåm, Flåmsbanen frå Flåm til Myrdal.

Pris kr. 600,-

Påmeldingsfrist 26. juli til Frivilligsentralen tlf. 56162134.

Laurdag 11. august

Sveio/Økslandsnes/Auklandshamn - kl. 09.30

Offisiell opning av Kystsogevekene 2007

Opningshøgtida vil gå føre seg på Økslandsnes i Auklandshamn, Sveio, og startar med tur med veteranbussar frå Sveio sentrum kl. 09.30, for dei som ønskjer slik skyss fram til staden. Vi vil køyre via Mølstrevåg og følgje Gullvegen nordover mot Auklandshamn. Veteranbussane vil stogge ved "Sjøhuset" i Buavåg, der det vert ei framsyning av eit lite tablå med born frå "gamle dagar" v/Bua barnehage kl. 10.30-11.15. Vi håpar og å få til den offisielle avdukinga av skiltet "Gullvegen 585".

So er det vidare til Økslandsnes der den offisielle opninga går føre seg kl. 12.00. Underhaldninga og programmet er rikholding og variert, med musikkprogram og fleire historiske innslag. Det vert bl.a. underhaldning av "Bandalsfolkjet", "STRYK" og **Storm Weather Shanty Choir** (kl. 15.30). Sjå "Særskilte arrangement". Det vert og høve til ein tur ut til Ryvarden Kulturfyr der det vert sal av vaflar og kaffe, samt innslag av musikk.

Arrangør for dagen er Sveio kommune, Stiftinga Kystsogevekene, Sveio Kystlag, Sveio Gullforening m.f.

Radøy/Ballbana på Solheim – kl. 15.00-18.00

Bornas dag. Orienteringsløp, kassabilløp, ansiktsmaling, sjørøvarskattejakt. Tur med hest og vogn, rodeo, "Scenen er din". Påmelding: britten@s-ungdomslag.no. M.m. Konferansier: Jon Halstein Tjore. Sal av forfriskningar. Bill: 50,- familie kr 200,-. Gevinst på inngangsbillett.

Lindås/Seim/Håkonshaugen

Nordhordland Kulturproduksjon er stolte av å kunne presentera "Which Witch" i fullversjon på Håkonshaugen på Seim, med premiere 2. august kl. 22.00.

Kontakt: post@heks2007.no

Tlf. Olav Kåre Vatnøy 95 21 50 23

Billetter: www.billettservice.no/www.bergenhelg.no

Sjå heimeside: www.whichwitch2007.no

Austrheim/Fonnes - kl. 12.00-16.00

Fonnesdagen

"Det var ein gong" på Fonneskaien, eller også "Dajen dar folk møtast". Her vert det liv og røre på kaien og noko for både ung og gamal.

Redningsskøyta og slepebåt ligg på vågen, brannbilen kjem og du får m.a. sjå bøting av garn, klinking av båt, og knivlaging. Tempoklubben er på plass saman med snutebussen. Til og med villsau vil du møte, og du kan smake på eit utval av sild. Det vert høve til å kjøpe rømmegraut, stompekake og fiskesuppe. Olav Mongstad vil leie arrangementet.

Bømlo/Brandasund

Brandasund-dagane

I det gamle tunet vert det arrangert torghandel, trekkspelmusikk m.m.

Fabrikkloftet er ope frå 12.00-01.00, og her vert det servert tradisjonell kystmat fram til kl. 21.00. Frå kl. 21.00 svingar me oss til musikk frå "3 Amigos".

Sundag 12. august

Radøy/Hella - kl. 13.00-16.30

Open gard på HEDRA samdrift. Arr. Faglaga i landbruket

Bømlo/Brandasund

Brandasund-dagane

kl. 12.00 vert det middagsservering på Fabrikkloftet.

På Naustvika ullverkstad vert det demonstrasjon og sal av brukskunst og bevertning mellom kl. 10.00-17.00.

Brandasund Sjø- og Gardsmuseum er ope for vitjing.

Sveio/Ryvarden

Fyrjazz kl. 13.00

Her speler Phil Mason New Orleans all starts & Christine Tyrell

Fredag 17. august

Masfjorden - kl. 18.00

Kraftspela

Kl. 18.00: Kunstutstilling opnar i Matre Hotell.

Kl. 19.00: Rambøll presenterer reguleringsplanen for Matre i Kinosalen

Kl. 22.30: Konsert i Solheim kyrkje - OLEMAN med gitaristen Olle Lindvall

www.masfjorden.kommune.no

Fedje/Fedjekyrkje kl. 19.30

Kyrkje- og jazzgudsteneste m.a. Alverflaten Jazzband

Radøy/Gamle Prestegarden Manger - kl. 16.00-19.00

Utstilling: Foto frå Radøy av Magnhild Nyland og Jostein Vågenes

Radøy/Risnes kl. 18.00

Seminar - Risnes Krinslag

Laurdag 18. august

Gulen/Brandangersund

Familiedag på Furneskai.

Besøk av veteranbåtar.

Tur med veteranbåtane til Skjærjehamn/kongestauen.

Det tradisjonelle rekebordet på kaien.

Redningssskøyta Utvær og Elias-båten kjem. Ulike salgsboder og tombola.

Gulen/Skjerjehamn

Veteranbåttreff på Skjerjehamn

Masfjorden - kl. 13.00

Kraftspela

Kl. 13.00: Fotballturneringar på idrettsbana

Opning av idrettsskulen. Det vert marknad og næringslivsmønstring på kaiområdet.

Underhaldning frå scena etter nærare timeplan

Utdeling av Masfjorden kommune sin kulturpris

Kl. 19.00: Ungdomskonsert med lokale band

Kl. 21.00: Konsert med Odd Nordstoga

Kl. 23.00: Bryggjedans

www.masfjorden.kommune.no

Fedje/Fergjekaia kl. 11.00

Torgdag

Torgområdet på er ope med sal frå boder. Det vert og utstilling i Fedje bedehus kl. 11.00 - 16.00.

Tema for utstillinga er "Festdagar i Guds hus". Utescene: Underhaldning for born v/Marit Ihle, Kvartetten (Mannskor frå Fedje), Vik mannskor, Alverflaten Jazzband m.m.

Fedje/Naustet i Kræmmerholmen

Sommarrevy om kvelden

Radøy/Risnes - kl. 11.00

Offisiell Opning i Radøy. Ymse kulturarrangement og kvernhusaktivitet. Ved Risnes Krinslag

Radøy/Gamle Prestegarden Manger - kl. 12.00 – 18.00

Utstilling: Foto frå Radøy av Magnhild Nyland og Jostein Vågenes

Tysnes/Tysneshallen - kl. 20.00

Dansgalla med "Grappesax" og "Vestbandet"

Sal av mat, mineralvatn, øl og vin. Billett kr 200,- Førehandssal i Vågebuo. Aldersgr. 18 år

Arr. Tysnes musikklag.

Bømlo/Moster amfi - kl. 12.00

Opning av Kystovekene-utstillinga ved Ruth Mallinson - grafikk og teikning, og Stein Haldorsen - foto

Bømlo/Moster amfi - kl. 22.00

Oppsettinga "**Terje Vigen**" framført av Andrew Bain

Billetter: www.bomlo.net, Bømlo Kulturhus og Moster Amfi

Pris:

Vaksne kr. 275,-

Born (inntil 15 år) kr. 250,-

Gruppe (min. 15 pers.) kr. 250,-

Sjå "Særskilte arrangement"

Sundag 19. august

Gulen/Sellevåg - kl. 12.00-16.00

Open dag ved Sellevåg Treskofabrikk. Det vert demonstrasjon av anlegget som er drive av vasskraft med direkte reimoverføring til maskinane. Det vert òg tilbod om å sjå film om fabrikk.

Det vert truleg sal av vaflar og kaffe.

Masfjorden - kl. 13.00

Kraftspela - Bjørn West-marsjen

Kl. 14.30: Konsert i Stordalen

Kl. 15.15: Gudsteneste i Stordalen

Kl. 16.00: Kransenedlegging ved minnestøtta

www.masfjorden.kommune.no

Radøy/Rossnes kai kl. 14.00 -

Radøy sogelag skipar til grilltreff i Rossneset. Arne Villanger fortel om den gamle gjestgjevar- og handelsstaden. Det vert høve til å kjøpa grillmat og kaffe. Radøy sogelag

Radøy/Gamle Prestegarden Manger - kl. 16.00 – 19.00

Utstilling: Foto frå Radøy av Magnhild Nyland og Jostein Vågenes

Fjell/Langøy Kystkultursenter - kl. 12.00

Friluftsgudsteneste på Langøy Kystkultursenter. Etter gudstenesta er det open kafé med kaffe og nysteikte skillingsbollar rett frå steinovnen i det gamle bakeriet.

Mandag 20. - fredag 24. august

Radøy/Gamle Prestegarden Manger - kl. 16.00 – 19.00

Utstilling: Foto frå Radøy av Magnhild Nyland og Jostein Vågenes

Fredag 24. august

Radøy/Kvalheim - kl. 17.00 – 21.00

Liv i gamle smier. Smia er ein del av kulturtunet som Karstein Vågenes er i ferd med å bygga opp på Kvalheim. Smia er ny, men likevel full av gammalt smedutstyr som er samla frå ulike stader. Smia er tenkt nytta mellom anna i undervisningssamanheng. Denne dagen vert det presentasjon av smia, gammalt utstyr og smedteknikkar, og fleire dyktige smedar vil vera tilstades. Det kan verta høve til å prøva seg som smed. Ved Einar Borgund og Karstein Vågenes

Bergen/Alvøen

Oppsettinga **“Terje Vigen”** framført av Andrew Bain

Posten/Billettservice 815 33 133

Sjå **“Særskilte arrangement”**

Laurdag 25. august

Gulen/Tusenårsstaden Gulatinget

Kickoffseminar og Masterclass med Brass Brothers

Konsert med Brass Brothers. Seminaret er ope for alle korps med påmelding. Konserten er ope for publikum.

Lindås/Eknesvågen - kl. 12.00

Avduking av minnesmerke over Ingvald O. Eidsheim V/ forsvarsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen. Minnesmerket er laga av skulptøren Arne Mæland frå Os. Det vert opning av vandrestilling om Eidsheim og KNM Hitra av ordførar Tove Linnea Brandvik. Utstillinga vert laga av Nordsjømuseum i Telavåg. Forsvaret med KNM Hitra vil vere til stades, og det vert og slepp av ein CD med melodiar frå tidlagare Eknesvågdagar. På CD-sleppet deltek òg artistane som er med på CD'en: Olav Stedje, Bjørn Jensen, Kai og Tina Taule, Linda Fosse og Claus Sellevoll m.f. Programleiar vert Helge Jordal. Det er

her lagt opp til ein konsert på vel ein time. M/S Bruvik er reservert til to turar denne dagen. Ein tur frå Bergen til avduking av minnesmerket, og ein til cd-sleppet: Kl. 10.30: M/S Bruvik går frå Bryggen i konvoi med KNM Hitra. (framme kl. 11.30) attende i Bergen kl. 14.30. Prisen for tur/retur inkludert matservering under returen er kr 230,-. Kl. 18.00: M/S Bruvik går frå Bryggen med retur til

Bergen kl. 23.30. Båtbillett tur/retur, inkludert matservering under turen til Eknesvågen og konsertbillett; kr 430,-. Billett kjøp ved ombordstigning i Bergen, eller ved førehandskjøp ombord.

Radøy/Nordanger - kl. 12.00 – 14.00

Ope gardsmuseum

Meland/Holmeknappen

Offisiell opning av Kystsogedagane v/ordførar Solbjørg Åmdal Sandvik kl. 11.00

Kl. 11.00 - 16.00 vert det marknad på Holmeknappen. Sal/utstilling av mange kunst- og handverksprodukt. Sal av tradisjonsmat som sild, flatbrød, lefser m.m., samt grønt-/småskala-produkter. Holmestova er open for omvising, og temaet er "Gjest Baardsen i song og segn" ved Linda Røyseth og Agnar Sagstad. Sjøbua er òg open for omvisning m/keramikkutstillinga "Havfrueinvasjon ved Møllaren Keramikk", Elisabeth Holt m.f. Galleri Rustica er ope og viser utstillinga "Ei due er ikkje berre ei due" av Laila Gangstad og Rune Brunstad.

Ca kl. 13.30 vert det besøk av Hurtigruta. M/S Granvin kjem frå Bergen/Askøy. Avgang frå Bergen kl. 10.00, via Ask, Salhus og Hanevik, og til Holmeknappen kl. 12.00. DS Oster ligg v/kai. Underhaldning på scene heile dagen. Kafe m/middag/kaffemat. 18.00 – 23.00 D/S Oster går tur frå Holmeknappen til gamle stoppestader i Herdlafjorden. Rekebord og servering. Tinging av bilettar hjå Åge Skjelvik, mob. 97686875. Sjå òg eige program i august for nærare opplysingar. Kystsogedagane vert arrangert av Arbeidsgruppa for Kystsogedagane

Fjell/Langøy Kystkultursenter - kl. 12.00 - 18.00

Langøymarknaden - to interessante dagar med lokale utstillarar som syner breidde og kvalitet innan handverk og brukskunst, lett underhaldning, god mat i kafeen og på bryggjekanten, gamle båtar på sjøen, husdyr, rideturar for barn m.v.

Fjell/Langøy Kystkultursenter - kl. 20.00

Naustdans i Gamlanaustet. Arr.: Lokøy velforening

Os/Øyane - kl. 11.00

Opning på kaien ved Øyernes Handelsforening ved ordførar Terje Søviknes. Det vert òg opning av kunstutstilling på Vedholmen Galleri: "Maritime bilder", Trond Bentsen og Peter Marron.

Musikkinnslag. www.vedholmen-galleri.com.

12.00 Påmelding til fiskekonkurransen og kappseglinga

12.30 Utror til fiskekonkurransen. Roing og segling for dei som vil. Turar med M/S Snøgg

13.00 Kappsegling

14.30 Innveging av fangstane i fiskekonkurransen

15.00 Premieutdeling for kappseglinga og fiskekonkurransen

Bømlo/Langevåg

Kystsogedagen på Langevåg

Frukost på kaien, stands, utdeling av bygdapris, leikar for born, gamle og nye båtar, kassabilløp, handel på ei gamal krambu,dyreutstilling, dans og revy m/pub. Sjå oppdatering på www.kystsogekene.no

Sveio/Valestrand kyrkje kl. 10.30

300-års jubileum for gamle Valestrand kyrkje.

Denne laurdagen skal heile Valestrand syda av liv, med historiske forteljingar og tablå, utstilling, konsert og sjølvstekt høve til å kjøpa seg noko å bita i. Denne dagen skal både kapellet og Einstapevoll gard takast i bruk.

Kl 10.30 til 16.00: Skodespel, forteljarøkt, religiøse folketonar blir framført v/kapellet og på Einstapevoll.

kl 18.00: Konsert i Valestrand kyrkje Nils Økland, Sigbjørn Apeland og Berit Opheim

Billettpris: kr 150,-

Sundag 26. august

Lindås/Lygra - kl. 11.30

Mellomalderdag på Lyngheiseret. Historisk vandring i autentisk kulturlandskap. Robåt over Kalvsundet. Omvising i tuftene etter mellomaldergarden. Servering. www.lyngheiseret.no

Lindås

“Nybrotsmarsjen” - ein turmarsj for heile familien. Marsjen går langs delar av “Den Trondhjemske Postvei”.

Radøy/Slippen i Sæbøvågen - kl. 12.00

Familiedag og fiskekonkurranse. Pris fiskekort: Enkeltkort kr 50, familie kr 100.

Meland/Holmeknappen - kl. 11.00

Kystsogedagane.

11.00 Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kai. Etter gudstenesta vert det utdeling av kommunen si “Kulturrose”. Kystkafeen serverer raspeballer m/tilbehør, kaffe og kaffemat

12.15 - 13.00 Konsert m/Bergen Mannskor. Dirigent vert Gisle Vabø.

13.00 - 16.00 Marknad på Holmeknappen, sjå laurdag 25. august. Program: “Bellmann med noko attåt”.

D/S Oster og D/S Stord I er opne for omvising. For borna vert det i regi av

Redningsselskapet besøk av Elias-båtane som tar turar ut i hamna. Arr. Arbeidsgruppa for Kystsogedagane

Meland/Holme - kl. 13.15

Vestbygdmarsjen. Start og mål på Holmeknappen. Lang løype går i skog, mark og opp på Ramusfjellet. Kort løype er flat og kan nyttast av folk m/barnevogn/rullestol. Arr. Holmemarka Vel

Fjell/Langøy Kystkultursenter kl. 11.00 - 18.00

Langøymarknaden held fram. Utpå dagen inviterer Fjell kystlag til båttur til Storasundet, der det vert offisiell opning av den gamle slippen.

Sund/Telavåg/Museum Vest avd. Nordsjøfartsmuseet - kl. 13.00

Shetlandsgjengen på nytt museum i Scalloway, Shetland:

Foredrag om det nye museet i Scalloway ved representant frå Shetland Bus

Friendship Society, Shetland. Musikk frå Shetland ved tre ungdommar frå

Scalloway Junior High School.

Sund/Trellevik - kl. 11.00

Kystsogedag på Trellevik Kystkultursenter

Arrangør vert Folkeakademiet i Sund

Gudsteneste, sjøaktivitetar, underhaldning. Kappsegling med oselvarar om Trellevikpokalen. Redningsskøyta kjem innom om den ikkje vert kalla ut på oppdrag. For borna vert det i regi av Redningsselskapet besøk av Elias-båtane som tar turar ut i hamna.

Sund/Telavåg

Månadens tur i Nordsjøløypa mellom Telavåg til Glesvær

Fitjar/Kultursalen – kl.19.30

Musikaloppsettinga "Terje Vigen" i Kultursalen.

Billetter: Billettservice.no og Posten Norge

Pris: kr 325,- + avgift

Grupper (min. 10 pers): 300,-

Sjå "Særskilte arrangement"

Sveio/Gamle Valestrand kyrkje kl.11.00

Jubileumsgudsteneste i Valestrand kulturkyrkje

Biskop Ole D. Hagesæter deltek saman med kyrkjelyden sine eigne prestar.

Instrumentalensemble.

Måndag 27. august

Radøy/Bogatunet - kl. 09.00 –14.00

Ein skuleklasse frå Manger skule bur på Bogatunet og levandegjer kvardagen for ein familie på 1850-talet. Radøy kommune

Tysdag 28. august

Radøy/Bogatunet - kl .12.00 –18.00

Ein skuleklasse frå Manger skule bur på Bogatunet og levandegjer kvardagen for ein familie på 1850-talet. Radøy kommune

Osterøy/Osterøy museum – kl. 19.30

Konsert med Gabriel Fliflet og Sigrid Moldestad

Onsdag 29. august

Radøy/Bogatunet - kl. 09.00 –14.00

Ein skuleklasse frå Manger skule bur på Bogatunet og levandegjer kvardagen for ein familie på 1850-talet. Radøy kommune

Torsdag 30. august

Radøy/Bogatunet - kl. 12.00 –18.00

Ein skuleklasse frå Manger skule bur på Bogatunet og levandegjer kvardagen for ein familie på 1850-talet. Radøy kommune

Osterøy/Raknestunet 30.08 - 3.09

Pensjonistleir I

Påmelding til Norhordland indremisjon, krinskontoret 56177025

Fredag 31. august

Radøy/Bogatunet - kl. 09.00 –14.00

Ein skuleklasse frå Manger skule bur på Bogatunet og levandegjer kvardagen for ein familie på 1850-talet. Radøy kommune

Øygarden/Kystmuseet i Øygarden – kl. 19.00

Vestkystfestivalen. Sjå "Særskilte arrangement"

Kystmuseet i Øygarden er valt som Tusenårstad for Øygarden kommune. Offisiell opning av nytt amfi. Rong Brass. (Skotske musikarar) Kl. 20.00: Konsert ved Odd Børretzen og Lars Martin Myhre med band. Open kafe.

Fjell/Foldnes kyrkje – kl. 23.00

Vestkystfestivalen. Sjå "Særskilte arrangement"

Nattkonsert i Foldnes kyrkje: Paul Byrom (IRL) med musikarar

Bømlo/Finnås – kl. 17.30

Offisiell opning av Kanaldagane v/Håkon Randal

Våge Skulemusikklag spelar kl. 18.15 – Bømlo Kormix

Kanaldagane ivaretek tradisjonane med veteran-båtar, standar av ymse slag, yrande folkeliv og variert underhaldning. Oppdatering av program og anna nyttig informasjon ligg elles på www.kanaldagane.no

Laurdag 1. september Husflidens dag

Radøy/Hordabø skule - kl. 12.00

Familiedag med ridning, kanopadling, fiskekonkurranse m.m. Div. underhaldning, lykkehjul, sal av is, brus og pølser m.m.

Austrheim/Galleri Trappa (kommunehuset) - kl.11.00-13.00

Opning av vandreutstilling frå Hordaland kunstsenter.

Utstillinga er ope i biblioteket/kommunen sin opningstid i perioden 1.-16. september. Christine Hoem arbeider med tekstil som uttrykksform, og med utgangspunkt i fotografi.

Fjell

Vestkystfestivalen.

Kl. 11.00 – 15.00: Sjørøvertokt med Loyal frå kaien på Brattholmen

Kl. 13.00 – 15.00: Finale Vestkysttalent + anna underhaldning – Sotratrappo

Kl. 17.30: Bluescruise med Midthordaland frå Bergen via Brattholmen til Skogsvåg. BB Lyngs Bluesband spelar ombord

Kl.21.00: Trygve Hellesten med band + gjestevokalist Kine Pedersen + Sting på norsk.

Fjell kulturhus.

Sund/Sundhallen – kl. 20.00

Vestkystfestivalen.

Dans i Sundhallen. På scenen vert det heile 6 band som spelte til dans på Sotra på -60, -70 og -80-talet

Os/Oselvo – Osøyro – Kyrkjeflaten - kl. 10.00

Oselvarfestival og Bondens dag

10.00 Gratis frukost på Osøyro. Aktivitetar på Kyrkjeflaten og torgsal på Osøyro

11.00 Defilering av oselvarar på Oselvo

11.30 Kapproing

Os Mannskor vil syngja, og for borna vert det akvarium med småfisk, krabbe skjel og anna sjøgodt

Austevoll/Bekkjarvik

Kystsogehelig i Bekkjarvik

kl. 10.00 Torgdag på kaien

kl. 12.00 Opning av kystsogevekene

"Terje Vigen" på Skjæret, framført av Helge Jordal

Etter denne framføringa vert det minikonsert med William Hut

kl. 15.00 Rokonkurranse. Edel kappestrid mellom øyane

kl. 18.00 "Jubileumsrevy - 25+" i Hengjo m/ Selbjørn Song og Revygruppe

kl. 20.30 "Jubileumsrevy - 25+" i Hengjo m/ Selbjørn Song og Revygruppe

Austevoll/Kvalvåg - kl. 23.00

Nattkonsert i Stolmen kyrkje

Gospelkveld med Rune Larsen. Gjestearartist: Helge Nilsen

Tysnes/Husflidstova i Våge - kl. 10.00-17.00

"Husflidens Dag" - Strikkekafe - Utstilling av nyare strikkearbeid

Arr. Tysnes husflidslag

Tysnes/Vonheim i Våge

Konsert med "Storm Weather Shanty Choir"

Arr. Tysnes ungdomslag. Sjå "Særskilte arrangement"

Stord/Sagvåg - kl. 11.00 - 16.00

Vervadagen på Jensanes på Ottesen skipsbyggeri. Ulike aktivitetar og omvising på verftsområdet.

Her kan publikum bl.a. sjå gamal krambu, oppgangssag i drift, bygging av firbøring, reparasjon av skøyte, koking av bek, smed, fresing av nagler. Det vert biletutstilling og salg av husflidsartiklar.

Kafé og musikkinnslag. For borna vert det besøk av Elias-båtane som tar turar ut i hamna. Arr.

Sagvågen kystlag

Bømlo/Finnås - kl. 10.00

Kanaldagane

Til "Kanaldagane" kjem det veteran-båtar, det vert standar av ymse slag, yrande folkeliv og variert underhaldning. Redningsskøyta kjem innom, om den ikkje vert kalla ut på oppdrag, og for borna vert det i regi av Redningsselskapet besøk av Elias-båtane som tar turar ut i hamna.

Kl. 18.00 vert det bryggjedans og konsert med Henning Kvitnes og Freddy Holm.

Kl. 22.00 – Bryggjedans med Vestavind

Oppdatering av program og anna nyttig informasjon ligg elles på www.kanaldagane.no

Sveio/Buavåg - kl. 20.00

Sveio Gullforening har diverse arrangement i Sjøhuset i Buavåg.

konsert med Bømloteateret. Rømmegraut

Sundag 2. september Nordsjøløypedagen

Osterøy

Kulturdagar på Osterøy 2. - 9. september

Oppdatert program på www.ostranett.no

Osterøy/Bruvik/Hosanger/Valestrand bedehus

Kl 14.00 Osterøy frivillighetssentral arrangerer kulturvandring på Olsnes. Frammøte ved butikken på Bruvik.

Kl 15.00 Galleri Mjøsvangen presenterer turstien Markakunst (kunst i og av naturen) innover Kossdalen. Faldar med kart ved galleriet i Hosanger.

Kl 17.00 Samlingsfest i Valestrand bedehus ved Valestrand indremisjon

Valestrand/Kongshall kl. 18.00

"Kongskafe" - Underholdning av unge og store lokale krefter. Basar i gamal stil.

Arr. Valestrand ungdomslag

Askøy/Herdla

Herdla-dagen: Det vil gå Dampbåtrute med D/S Oster frå Bergen kl. 08.00, via Ådlandsvik kl. 09.30, Vikebø kl. 10.00, Ovågen kl. 11.00, Herdla 11.40. Programmet på Herdla byrjar med gudsteneste i Herdla kyrkje kl. 12.00, og fortset med underholdning i Herdlevågen og tilbod om ulike aktivitetar rundt på øya. Museet vil vere ope og det vert tilbod om innføring i slektsgransking. Førestillinga "Da va behændelæ" med tekstar av O.W Fasting vert framført ombord i D/S Oster av skodespelar Kyrre Eikås Ottersen. Sjå "Særskilte arrangement". D/S Oster returnerar frå Herdla kl. 16.00, vidare til Ådlandsvik kl. 16.30, Vikebø kl. 17.00, Ovågen kl. 18.00 og Bergen ca. kl. 19.30.

Fjell/Fjell festning

Vestkystfestivalen. www.vestkystfestivalen.no

Intimkonsert med Arve Tellefsen + pianist. Fjell festning

Sund/Telavåg - kl. 12.00

I samband med Nordsjøløypedagen vert det losa tur til Nesvika. Oppmøte Nordsjøfart-museet

Øygarden/Kystmuseet i Øygarden - kl. 12.00 – 17.00

Oppe museum - Familiedag med gratis adgang

Bergen/Stend - kl. 11.00

Historieverkstaden ved Hordamuseet ønskjer velkomen til *landliggja* på Stend. Følg i spora til byfolk på landtur kring 1930 med veteranbuss eller sykkel, hestekjerre, robåt og tog. Forteljingar, utstilling, film m.m. Kom som du er eller kle deg ut som reisande på 1930-talet. Diplom til alle som kler seg ut, premie for beste kostyme. Veteranbuss (reisealternativ 1) kl. 11.00 frå Bystasjonen i Bergen til Hordamuseet. Forteljing på bussen.

Sykling (reisealternativ 2) frå Stend Stasjon kl. 11.00, rundt Klokkarvatnet til Hordamuseet. Bring eigen sykkel, gjerne veteranmodell.

Utstilling om samferdsle.

Kapproing med tradisjonelle trebåtar.

Forteljing om byfolk på landet i gamle dagar.

Hesteskyss frå Hordamuseet til Stend Stasjon.

Tog og film på Stend Stasjon.
For meir informasjon sjå www.bymuseet.no

Austevoll/ Bekkjarvik - kl.1200

Kystsogehelig i Bekkjarvik
Gudsteneste på Skjæret i Bekkjarvik med musikalske innslag

Stord/Sagvåg - kl. 11.00

Friluftsgudsteneste ved Ottesen Skipsbyggeri. Presten vert rodd frå Sagvåg.

Bømlo/Finnås - kl. 11.00

Kanaldagane

Friluftsgudsteneste

kl. 12.00 – Havdur, kanopadling, gjetar hund og sauer m.m.

kl. 16.00 – Arne Kvarven m/band

Oppdatering av program og anna nyttig informasjon ligg elles på www.kanaldagane.no

Sveio/Buavåg - kl. 11.00

Sveio Gullforening har diverse arrangement i Sjøhuset i Buavåg

Tema: Strikk

kl 11.00, Gudsteneste

kl 12.00, Rusletur på Gamlevegen Hovda - Bua. Ta med spøtet!

kl 13.00, Politkar-spøte-stafett

kl 15.00 Forteljestund om husflid

kl 16.00 Slutt

Heile dagen: Sal av hjortegryte (ca kl. 12.00-16.00), kaffe m/heimebakst. Utstilling av strikk, rokk/spinning, Garnkroa, måleri, gull, stein, torv.

Sveio/Ryvarden

Offisiell opning av utstillinga "Innblikk" ute på Ryvarden.

Direktør i Oslo senteret Einar Steensnæs opnar utstillinga.

Tysdag 4. september

Osterøy/Valestrand - kl. 13.30 - 15.00

Bollehus i Valestrand bedehus ved Valestrand indremisjon

Osterøy/Tepstad - kl. 15.00 - 17.00

Hjellvik grendating arrangerer omvising (e. avtale) i Tepstad bygdemeieri, i bruk frå 1918 til 1972.

Osterøy/Hosanger - kl. 18.00

I Mjøsveggen kafé vert det foredrag ved Kari Vevle om utstillinga "Vev - Tråd - Tid". Her fortel ho om prosessen fram mot utstillinga.

Osterøy/Haus kyrkje - kl. 19.00

Haus sokneråd arrangerer inspirasjonssamling med forfattar og prest Karsten Isachsen: Song av Arna kyrkjes kammerkor.

Sveio/Valestrand Kyrkje kl. 19.00

Kulturkveld i Valestrand kulturkyrkje. Billettpris kr 150,- inkl mat. På kulturkvelden vert det servert foto, forteljingar, musikk, prosa og mat med røter frå jødedommen, kristendommen og islam.

Onsdag 5. september

Osterøy/Hosanger - kl. 15.00-18.00

Galleri Mjøsvågen er ope med utstillinga "Vev - Tråd - Tid" av Kari Vevle. Det vert og Markakunst (kunst i og av naturen) innover Kossdalen. Faldar med kart ved galleriet.

Osterøy/Lonevåg - kl. 18.00

Kulturvandring ved Lonevåg Grendaråd og Lonevåg Helselag

Osterøy/Valestrand Bedehus - kl. 19.00

Samtale og bønne møte ved Valestrand Indremisjon

Torsdag 6. september

Austrheim/Tusenårs-staden og Austrheimstova (kommunehuset) - kl 18.00

Førestillinga "Det var behændelæ" med tekstar av O.W Fasting vert framført av skodespelar Kyrre Eikås Ottersen. Sjå "Særskilte arrangement". Gabriel Fliflet og Sigrid Moldestad spelar opp med trekkspel, fele og song og tek publikum med på ei reise blant hav-valsar, viser og andre godbitar frå vest. Dersom veret tillet det vert her god stemning på tusenårs-staden med musikk og fiske-suppe, elles må vi trekke inn i stova. Bill. kr 100,-,-

Osterøy/Hosanger - kl. 15.00-18.00

Galleri Mjøsvågen er ope med utstillinga "Vev - Tråd - Tid" av Kari Vevle
Galleri Mjøsvågen presenterar turstien Markakunst (kunst i og av naturen) innover Kossdalen.
Faldar med kart ved galleriet i Hosanger. Nytt liv i gamal treskofabrikk. Mjøsdalens vener held Treskoverkstadene ope mellom kl. 17.00-21.00

Osterøy/Fitje Bedehus - kl 19.00

Oppbyggingsmøte med tale og songinnslag

Osterøy/Osterøytunet Hauge - kl. 16.30-17.00

Syng med oss – Allsong og musikk ved Osterøy folkeakademi

Osterøy/Biblioteket Lonevåg - kl. 18.30-19.30

Osterøy bibliotek og Osterøy folkeakademi presenterer Siren Steen ved Griegsamlinga med "Grieg – Noregs største rockkomponist". Griegmusikk ved Osterøy Janitsjar.

Raknestunet 6. - 10. september

Pensjonistleir 2

Sund

Sund Internasjonale Klubb arrangerer festaften i samarbeid med Fredskorpset. Meir informasjon seinare.

Fredag 7. september

Lindås/Hjelmås kai

Humørfestival med familiedag på kaia, ungdomsarrangement, revy og turløyper. Samarbeid med Meland, Fedje, Stord og mange andre.

Osterøy/Lonevåg sentrum - kl. 15.00-17.00
Stand Natteramnar, Osterøy frivillighetsentral

Osterøy/Hosanger - kl. 15.00-18.00

Galleri Mjøsvågen er ope med utstillinga "Vev - Tråd - Tid" av Kari Veve. Det vert og Markakunst (kunst i og av naturen) innover Kossdalen. Faldar med kart ved galleriet.

Osterøy/Osterøy museum - Gjerstad - kl. 19.00

Førestillinga "**Det var behændelæ**" med tekstar av O.W Fasting vert framført av skodespelar Kyrre Eikås Ottersen. Sjå "Særskilte arrangement".

Laurdag 8. september

Gulen/Byrknes Samfunnshus

Førestillinga "**Det var behændelæ**" vert framført i Byrknes Samfunnshus. Det vert kafe med sal av kaffe og kaker. Arrangør er Gulen Fiskarbondemuseum. Sjå "Særskilte arrangement".

Radøy/Manger senter - kl. 10.30 - 14.00

Torgdag

Radøy/Radøyhallen - kl. 19.30

Dansegalla - Musikk: Anne Nørdsti og Aristocats. Arr. Manger skulemusikklag og

Bøvågen Service

Sjå meir på www.dansebandgalla.no

Osterøy/Hosanger - kl. 15.00-18.00

Galleri Mjøsvågen er ope med utstillinga "Vev - Tråd - Tid" av Kari Veve. Det vert og Markakunst (kunst i og av naturen) innover Kossdalen. Faldar med kart ved galleriet.

Osterøy/Hauge - kl. 18.00

75-års jubileum for Hauge bedehus ved Hauge Indremisjon. Kåseri med Paul Odland om sangskatten til Matias Orheim. Song om musikk innslag.

Osterøy/Kongshall, Valestrand kl 20.00

Kåbbåy, Kåbbåy - eit løyve møte med kåbbåyar i Junaiten, m/dans etterpå. Ved Osterøykoret

Sundag 9. september - Kulturminnedagen

Kulturminnedagen

Årets tema: "Til glede og besvær" - forsamlingshus, ungdomshus og bedehus.

www.kystsogevekene.no

Gulen/Eivindvik

Førestillinga "**Det var behændelæ**" med tekstar av O.W Fasting vert framført av skodespelar Kyrre Eikås Ottersen. Sjå "Særskilte arrangement".

Radøy/Manger kyrkje - kl. 17.30

Operettekonsert med Roger Juvik og Veslemøy Fluge Berg. Ved Radøy sokneråd

Radøy/Radøyhallen - kl. 19.00
Konsert med Manger Musikklag

Osterøy/Fotlandsvåg Bedehus - kl. 10.00-12.00
Søndagsskule og ope hus

Osterøy/Fitje Bedehus - kl. 10.00-16.00
Ope hus - framvising av arbeidet til sundagsskulen

Osterøy/Kongshall, Valestrand kl. 20.00
Kåbbåy, Kåbbåy - eit løye møte med kåbbåyar i Junaiten, m/dans etterpå. Ved Osterøykoret

Osterøy/Valestrand Bedehus - kl. 11.00
Søndagsskule. Frå kl. 15.00 vert det ope hus med kaffe og kaker.

Osterøy/Hamre kyrkje - kl. 11.00
Høgmesse. Frå kl. 12.15-16.00 vert det omvising og open dag i kyrkja

Osterøy/Mjeldalen ungdomshus - kl. 13.00
Åpne dører - Barnelaget opptrer, informasjon om husdrifta til ungdomshuset og lagshistoria til laget

Osterøy/Gjerstad Kyrkje - kl. 20.00
Frida Sofie sitt husorkester med solistar presenterar konserten *"Evergreens frå Kanaan"*

Stord/Sunnhordlandstunet
Open dag på Sunnhordlandstunet. Tema: "Forsamlingshus". Aktivitetar, kafé, opplesing, kåseri, m.m. For omvising i andre tun og samlingar: Ring 53 41 38 99
Sjå elles www.sunnhordland.museum.no

Onsdag 12. september

Radøy/Hella skulestove - kl. 19.30
Kunnskapstevling Radøy mållag

Laurdag 15. september

Sveio/Førde
Førdedagene - bygdedager i Førde med mange aktiviteter

Austrheim/ Austrheim samfunnshus - kl. 19.00
"Storm Weather Shanty Choir" og Håkon Vatle.
Koret har det moro i lag når dei syng, og dette smittar over på publikum.
Her vert det ein "tonal" storm, kraftfullt og med sjel.
Det vert sett ut småbord og vi ønskjer å skape ein god pubstemning. Bill. kr 150,-
Sjå "Særskilte arrangement"

Sundag 16. september

Radøy/Storheim - kl. 11.00 - 14.00

Den gamle lemstova frå 1700-talet vert synt fram. Mange gamle bruksting er samla her. Erling O. Storheim er omvisar.

Radøy/Tjorehagen - kl. 11.00 - 16.00

Hausdag i Tjorehagen. Med sine 400 ulike rhododendronartar og like mange tre og buskar. Hagevandring og sal av hageplantar. Vafflar og kaffe. Stiftinga Tjorehagen

Austrheim/Austrheim kyrkje - kl. 19.30

Syng deg glad i kyrkja - ein Lina Sandell kveld.

Øygarden/ Ovågen

Det vert arrangert konsert med **"Storm Weather Shanty Choir"**.
Sjå **"Særskilte arrangement"**

Tysnes/Tysneshallen - kl. 17.00

Sundagsakademiet - Seminar om Claus Pavel Riis - mannen som skreiv songen om Anne Knutsdotter.

Presentasjon av to syngespel av C.P. Riis.

"I stereoskopet", om billedsamlinga etter Riis v/ Knut Rage.

Framsyning av filmen "Til sæters" frå 1924.

Arr. Tysnes sogelag

Sveio/Førde

Førdedagene - bygdedagar i Førde med mange aktiviteter

Onsdag 19. september

Austrheim/ Austrheim samfunnshus - kl. 19.30

Familiekonsert Grieg - haust 2007.

Geir Botnen - klaver, Kristina Ebbersten - fiolin, Rhoda Achieng Ondeng - song.

I år er det 100 år sidan Edvard Grieg døydde. I samarbeid med fylkeskonsertane vil me heidra tonekunstnaren gjennom denne konserten. Trioen skal presentere same programmet på ein stor musikkfestival i Shanghai.

Bill. kr 50,- Barn med følgje av føresette gratis

Fredag 23. september

Bømlo/Moster amfi

Intimkonsert i Amfisalen med Eirin Spilde på vokal, og Einar Martin Løklung på gitar

Billetter: www.bomlo.net, Bømlo Kulturhus og Moster Amfi

Pris: Vaksne / Barn kr. 200,-

Torsdag 27. september

Fitjar/Kulturhuset

Opning av utstilling med Bjørg Strømme, akvarellar og Maren Sofie Strømme, akryl.

Laurdag 6. oktober

Bergen/Grieghallen - kl. 20.00

"Tar du me ei helsing...". Minneskonsert over trubaduren Johannes Kleppevik som ville fylt 60 år 10. oktober i år. Konserten har artistar som: Göran Fristorp, Jimmy Øvredal, Tor Endresen og Bjørn Jensen, Claudia Scott, Heimalanne og Steinslandsgjengen. Konsertbillett. Kr 360,- + avgift. Sjå "Særskilte arrangement"

Fitjar

Kor90 har konsert i Kultursalen

12. - 13. oktober

Fitjar/Kulturhuset

Sogespelet "Kongen med Gullhjelen" 10-års jubileum

Billettar: Billettservice.no

Museum og utstillingar

Askøy brukskunstlag

Askøy brukskunstlag

Stad: Askøy/Strusshamn i det raude huset i Strusshamn (v/kyrkja). Sal av diverse handlaga produkt og heimelaga lefser. Ope: tirs og tors kl. 12 - 18, laurdag kl. 12 - 16. Tlf. 56 14 51 33

Gulen Fiskarbøndemuseum

Adresse: Byrknesøy

5970 Byrknesøy

Telefon: 57 78 23 91/57 78 32 21

www.jensbua.no/gfm/

Havråturnet

Stad: Osterøy/Havrå

Garden Havrå ligg midt i eit særprege kulturlandskap. På garden er klyngetunet og den gamle teigdelinga framleis intakt. Garden er eit unikt minne omgardsdrift, byggjeskikk og arbeidsliv på dei mangbølte vestlandsgardane. Garden har ei lang historie, og er freda som kulturmiljø. Ope søndag 12 - 15.

<http://kulturnett.ivist.no/tema/havraa/default.htm>

Holmestova og Sjøbua, Holmeknappen

Opningstider i sumarhalvåret: Frå 24. juni til 19. august er museet

ope kvar søndag frå kl. 1400 - 17.00. Under kystsogedagane: Laurdag 25. august kl 1100 - 1700. Søndag 26. august kl 1300 - 1700.

For andre tidspunkt, kontakt Meland kommune, tlf. 56 17 10 00/56171074.

Adresse: Postboks 79, 5906

Frekhaug

sentralen@meland.kommune.no

eller haldis.d.urdal@meland.kommune.no www.meland.kommune.no

Hordamuseet

Hordamuseet skildrar levevilkåra til folk som har budd i Nord- og Midhordland. Museet ligg idyllisk til inst i Fanafjorden, like nedanfor Stend jordbrukskule.

Opningstider: Tysdag, torsdag, fredag 12.00-15.00, onsdag 12.00-18.00, laurdag og søndag 12.00-16.00. Måndag stengt. Vitjing utanom opningstida etter avtale.

Tlf 55 11 29 00,

post@horda.museum.no

Adresse: Hordnesveien 24, 5344 Fana

www.museumsnett.no/hordamuseet

Langøy Kystkultursenter

Stad: Fjell/Langøyna

Ein tradisjonsrik handelsplass med butikk, bakeri og naust. Senteret har søndagsopen kafe om sommaren, og kan etter avtale leigast ut til arrangement og overnattingar heile året. Området har og ein fin badeplass for barn. Tlf 56 32 64 00, kullang@online.no www.fjell.kommune.no

Lygheisenteret

Lygheisenteret på Lygra i Nordhordland er oppretta for å ta vare på kysten sitt kulturlandskap og for å hegna om den kunnskapen og dei tradisjonane som knyt seg til bruken av dette landskapet. Opningstider Informasjonsbygget i 2007: Frå mai - september: Onsdag - Fredag kl. 11.30 - 15.30 Søndag kl. 12.00 - 18.00. Studentgrupper, skuleklassar, kurs/konferanse og andre grupper etter avtale. Stiftinga Lygheisenteret

Ytre Lygra, 5912 Seim
Tlf: 56356410
post@lyngheisenteret.no

Misje museum

Stad: Fjell/Misje

Viser dagleg liv og virke gjennom

hundre år: fisket, fiskeindustrien, emigrasjonen, livet under krigen, reiskapar, mat og klede. Misje Bygdalag driv museet. Om sommaren har dei søndagsopen kafe kl. 15 - 18, elles etter avtale. Tlf 56 33 42 06 [Misje museum](#)

Museum Vest, Herdla Museum

Stad: Askøy/Herdla
1. mai til 31. august ope frå kl. 12.00 -17.00 (stengd 17. mai)
Søndagar i september og oktober: 12.00-17.00
Ein kan bestilla omvisning for grupper heile året. Telefon: 56 14 51 50 / 56 15 84 65 / 97 09 47 29
E-post: herdla.museum@askoy.kommune.no
www.museumvest.no

Museum Vest, Kystmuseet i Øygarden

Eit økomuseum med natur og kulturminne der dei høyrer heime i det særreigne kystlandskapet. Hovudutstilling: "Hav og vind - jord og eld". Under Kystsogevekene er museet ope: 16.- 31.08, mån-fre kl.11-16, søn 12-17. Sept. kun sønd. kl. 12-17. Adresse: Oen 5337 Rong
Telefon: 56 38 50 50
www.kystmuseet.com

Museum Vest, Nordsjøfartmuseet

Dei tre faste utstillingane på museet omhandlar Telavågtragedien, Nordsjøfarten og Shetlands-Larsen. I tillegg er det skiftande utstillingar. Adresse: Telavåg 5380 Telavåg
Telefon: 56 32 74 40
www.museumvest.no

Osterøy museum

Eit kulturhistorisk museum for Osterøy og dei næraste bygdene. Osterøy museum ope tysdag-fredag kl. 10-15, søndag kl. 12-17 heile perioden. Adresse: Gjerstad 5282 Lonevåg

Telefon: 56 19 34 40
www.museumsnett.no/osteroymuseum/

Radøy Kunst Senter

Keramikk frå Vestlandet. Utstillinga opnar laurdag 1. september kl. 14 på RKS i Bøvågen. På utstillinga prøvar vi å visa noko av det store mangfaldet som fins innanfor keramikk på Vestlandet. Frå meir skulpturelle objekt til keramikk som er tenkt brukt i kvardagen. Keramikarane brukar i dag mange ulike teknikkar for å forskjøne, dekorere eller overflate-behandle produkta sine. Vi håpar utstillinga og vil gjeve kunnskap om ein del av desse arbeidsprosessane. Utstillinga er open laurdagar og sundagar i heile september kl. 12 - 16. Gratis adgang - enkel kafé. Utstillinga er elles open etter avtale tlf. 56 37 00 06 Arr. Radøy Kunst Senter

Ryvarden Galleri og fyr

Utstillinga "Innblikk". I denne utstillinga får me innblikk i dei sakrale romma og estetikken sin funksjon og tyding i synagog, kyrkja og moskeen, slik me finn dei i Noreg i dag. Utstillinga er tilrettelagd av Janne Eide og Jan Opsal. Opningstider: Alle søndagar kl. 11-17. Frå 03. juli - 11.aug. også tirsd.-lørd. kl. 12-16
Adresse: Mølstrevåg, Pb. 40, 5559 Sveio
E-post: gunn.b.haavardsholm@sveio.kommune.no
tlf. 53748000
www.ryvarden.no

Sellevåg Treskofabrikk

Stad: Gulen/Sellevåg
Tradisjonsrikt miljø for produksjon av tresko. Omvisning etter avtale for einiskildpersonar, grupper og lag. Kontaktperson: Magne Sellevåg, tlf. 57 78 36 59/ 909 82 235

Sunnhordland Museum

Me tek vare på minne og fortellingar frå Sunnhordland si fortid. Her får du møta miljø og gjenstandar du mest hadde gløymt. Du kan òg møta minne frå forhistorisk tid, klosterruinar frå mellomalderen, eller minne frå nyare kystkultur og industrisoge. Sunnhordland Museum er ein stad der minne og menneske møtest!
Adresse: Museumsbakken 5417 Stord
Telefon: 53 41 38 99
www.sunnhordland.museum.no

Sunnhordlandstunet på Leirvik

har ope i perioden 5. mai - 29. august: Måndag/tysdag og torsdag/fredag kl. 10.00-16.00, onsdag kl. 16.00-19.00. Museumskafe kvar laurdag mellom kl. 11.00-14.00 og sundag mellom 16.00-19.00. Aktivitetar for born. Stord maritim museum, Leirvik brygge har i perioden 23. juni - 29. august ope tysdag-laurdag mellom kl. 11.00-15.00.

Valestrand kulturkyrkje

Utstilling i heile september - "Dialog" Dette er eit mindre utval av utstillinga Dialog vist i Vinje hausten 2006. Utstillinga er tekstilar bruka i rituell samanheng i koptisk, kristen og muslimsk tradisjon. Utstillinga er tilrettelagd av Tone Svalastog Garnes. Les meir om utstillinga på www.grungebru.com

Vedholmen Galleri

5216 Lepsøy
Stad: Bruarøy, Søre Øyane i Os.
Opning av Kystsogedagane i Os kommune laurdag 25. august kl. 11.00.
Ny utstilling: "Maritime bilder", Trond Bentsen og Peter Marron.
Opningstider: Laurdagar og sundagar kl. 12:00 - 16.00 frå 25.8. til 7.10.07.
www.vedholmen-galleri.com

Det geografiske området for Kystsogevekene er 20 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Motivet i kommunevåpenet står for kommunen sin historiske eigenart og bakgrunn.

Gulen	
Masfjorden	
Fedje	
Lindås	
Radøy	
Meland	
Austrheim	
Osterøy	
Askøy	
Bergen	
Øygarden	
Fjell	
Sund	
Os	
Fitjar	
Austevoll	
Bømlo	
Stord	
Sveio	
Tysnes	



Leia:

Leia langs Vestkysten ligg i dag som for tusen år sidan, ei hovudferdselsåre frå sør mot nord; den første riksvegen. Opp gjennom hundreåra har Leia vore livsnerven i kystsamfunnet: Vikingskip på utferd mot vest, kongens skip på veg mot kongsgardane, handelskip og krigsskip, jakter og galeaser, jekter og færingar, fraktefartøy og fiskebåtar – her er mange aktørar og skiftande scener i fjordlandskapet

(Sitat frå Kulturhistorisk Vegbok – Hordaland)

For meir informasjon og avtaler kontakt:
 Stiftinga Kystsogevekene, Postboks 7900, 5020 BERGEN
 Tlf 55 23 9173 - E-post: kystsogevekene@post.hfk.no
www.kystsogevekene.no

visjonvest
 Allmennyttige midler fra
 SparebankenVest

